




# Kulturopplevingar langs vegen

## - gjennom Sirdal kommune



- |                                       |                                   |                                  |
|---------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| 1. Håheller                           | 12. Øysteinshedlaren              | 23. Storhaugane på Tonstad       |
| 2. Heibergheiene                      | 13. Ferjeleie på Handeland        | 24. Gamle Tonstad sentrum        |
| 3. Suleskarvegen (Skinnvegen)         | 14. Dorgefossen                   | 25. Sirdalsvatnet                |
| 4. Henriksholmen i Ortevatn           | 15. Lunde kyrkje                  | 26. Tyskerbunkeren               |
| 5. Kvævemoen kapell                   | 16. Gramane i Kvidhedlaren        | 27. Holmen i Sirdalsvatnet       |
| 6. Sirdal fjellmuseum                 | 17. Gravminnefeltet på Skeie      | 28. Nykkhedlaren                 |
| 7. Kvæven bygdetun                    | 18. Norgeskart i fjellet          | 29. Kulturlandskapet på Øksendal |
| 8. Kviplassen over til Haugen         | 19. Futedrapet i Varpebakken      | 30. Haughom kapell               |
| 9. Børsteinen/børsteinslega           | 20. Bogestillinger og Likhedlaren | 31. Oftedal og Strandeli         |
| 10. Det gamle stølslivet i Sirdal     | 21. Badefossen på Bjunes          | 32. Virak                        |
| 11. Valevatn og sjøormen i Degevatnet | 22. Tonstad kyrkje                | 33. Finsådammen                  |

# 1. Håheller



I dag har DNT Sør ei turisthytte på staden. Sjå meir informasjon og turforslag på deira internettside: <https://ut.no/hytte/3.2406/>

Det er òg ein fin rasteplass her: [suleskarvegen.no/bedrifter-langsvegen/haheller-rasteplass/](https://suleskarvegen.no/bedrifter-langsvegen/haheller-rasteplass/)

På vegen mellom Suleskard i Sirdal og Hylestad i Setesdal, om lag 880 meter over havet, ligg Håhelleren (høyrrer til i Valle). Namnet kjem frå det gammalnorske ordet «Hå», som betyr høg, og henspèilar til størrelsen på hedlaren. I gamal tid, då dette var ein ferdselsveg til Stavanger, var det naudsynt å ha stadar undervegs der ein kunne overnatte. Denne helleren var ein slik stad. I 1818, under naudsåra under Napoleonskrigane, busette to nygifte par seg i Håheller. Det viktigaste livsgrunnlaget var å drive fjellstove for vegfarande, og ferja dei over Håhellervadet. Dei heldt fyrst til i ei fiskarbu som truleg sto innunder fjellet. Seinare sette dei opp husvære like nedanfor, og var bufast her fram til 1844. Det let seg ikkje gjera å dyrka korn på ein slik stad, men spor etter kultivering i dei mest solvendte bakkane syner at ein har freista dyrka potetar og anna. Men også dette måtte gjevast opp. Så det vart til å slå graset og halda husdyr, i tillegg til å gje husly til dei vegfarande. I 1844, etter å ha vore ved Håheller i 26 år, fann folka der ut at levegrunnlaget var for tynt. Dei flytta attende til Sirdal, der dei hadde kome frå. Bygga vart rivne og materiala tekne med på flyttelasset. Etter at husa var borte, laut vegfarande igjen søkja ly innunder helleren fram til 1867. Då sette styresmaktene opp ei ny bu for overnatting på dei gamle tuftene. (Henta frå setesdalswiki.no)

# 2. Heibergheiane



Når du køyrer over heia, er det interessant å tenke tilbake på ei tid då dette skulle bli ein del av «det gigantiske villreinrike» til Heiberg. I 1904 begynte Thorvald Meyer Heiberg å kjøpe opp store heieområde i Sirdal- og Setesdalsheiane, til slutt var han det største landeigaren i Noreg med over 1 million mål (!). Han hadde ein forretningsidé om å leggja til rette for jakt for den europeiske overklassen som gjerne betala for jakt og fiske i norske høgfjell. Det var nesten like eksotisk som løvejakt i Afrika. Heiberg sette opp om lag 30 jakthytter inne i heia, frå 1 til 5 hytter på kvart felt. Han tilsette oppsynsmenn som skulle rydda ut rovdyr, og organiserte utleige av hytter og jaktterreng. Han lagde eigen reklamebrosjyre med flotte presentasjonar av områda og jakt- og fiskemoglegheiter her.

Den eine av desse jakthyttene vart i 2001 flytta frå Trongen og remontert på Kvæven bygdetun. I tillegg vart det bygd ei "føringshytte" knytt til denne.



### 3. Suleskarvegen (Skinnvegen)



Det har vore tett kontakt mellom Sirdal og Setesdal i uminnelige tider, både handel og giftemål knytta dei to dalføra saman. Det var særst setesdølane som var flittige med handelsturar over fjellet, noko som m.a. var fordi dei måtte til Stavanger når dei skulle betala skatt. Sidan skatten vart betalt med skinn og pelsvarer, blei ferdselsvegane over fjellet ofte kalla for «skinnvegar».

### 4. Henriksholmen i Ortevatn



I Ortevatn er ein holme som har fått namnet «Henriksholmen». Denne er knytta til eit segn om ein falkefangar frå Holland som heitte Henrik. Han var så fascinert av den vakre dalen at han ønska å eiga ein del av den. Han bytta bort hatten sin mot holmen, og difor fekk holmen namnet hans. Ingen veit om han nokon gong kom tilbake til Sirdal og vitja holmen sin.

### 5. Kvævemoen kapell



Grunnsteinen til Kvævemoen kapell blei lagt ned av biskop Karl Martiniussen 9.mai 1960, og kapellet stod ferdig 31.mai 1962. Kommunetilskot og pengegåver frå mange givarar gjorde det mogleg å få reist kapellet. Den erfarne arkitekten Waldemar Hansteen teikna kyrkja og laga kostnadsoverslag. Det er plass til omlag 100 personar i hovudsalen. I salen under galleriet er det plass til omlag 70. I underetasjen er det matsal, kjøkken, garderobe og toalett.



Utsmykking, altertavle, glasmaleri og utkast til alterparti stod Kari Ryen for. Sven Valevatn har laga preikestol og døypefont. Altertavla vart i 1984 bytta ut med ein biletvev laga av Else Marie Jakobsen. Alterbiletet er rikt på symbolikk. Først og fremst er det den oppstandne og sigrande Kristus framfor den tomme grava, men korset går att både i forma til teppet og i biletet. På biletet kan ein òg sjå ei due som er symbol på den heilage ande og nokre gullsommarfuglar som er symbol på dei som er frie og heilage i Kristus. Mange av symbola i bilete vil nok ulike menneske tolka ulikt ut frå eigen livssituasjon. Orgelet i kapellet kom på plass i 1983, og det er bygd av firmaet G.F. Steinmeyer i Tyskland. Tidlegare stod det i Lunde kyrkje. Den tyske orgelbyggjaren Rudolf Janke restaurerte orgelet og sette det på plass i kapellet.

Meir informasjon om kyrkjer og kapell i Sirdal på:

<https://sirdal.kyrkja.no/>

## 6. Sirdal fjellmuseum



Ta gjerne ein stopp ved Kvæven Bygdetun. Her er det Turistinformasjon, ein flott kafé, og du kan ta ein vandringstur på tunet. Noko av det viktigaste med formidlinga ved museet er heieområda som omsluttar oss, og kva stor betydning heia har hatt gjennom alle tider.

Bygdetunet består av 11 bygningar, som er flytta hit og representerer ulike delar av lokalhistorie, ut frå funksjon og byggeskikk. Her kan du læra meir om: Framheim ungdomshus, Skulehus, Jørenhuset (våningshus), Uthus (låve), Smie, Veggjeløa (høyløe), Nyestøl (stølshus), Øyestøl (stølshus), Stegeløa (høyløe) og Trongen jakthytte med føringshytte.

Det er òg ein flott Medisinhage her, kor du kan læra om bruk av plantar og urter i tidlegare tider.

## 7. Kviplassen over til Haugen



Når ein kjører gjennom dalen, er det fascinerande å tenke på korleis dalen er delt av Siraelva. Frå gamal tid var Sirdal delt av denne elva slik at den vestre delen høyrde til under Stavanger amt, medan den austre del høyrde til Lister amt.

Før bruene kom, var det fleire stadar ein måtte krysse elva med båt. Her ved brua som går over til Haugen, heiter det Kviplassen. Før den fyrste brua kom i 1957, var det slik at ein måtte ro over Siraelva her med pram.

Den kjende historikaren, Yngvar Nielsen, hadde ein vandringstur frå Setesdal til Sirdal kring 1900. Han har seinare uttalt at:

«Overgangen fra Kvipladsen til gaarden Haugen i Siredalen faldt ikke syndelig lang».

På bilete ser de ein pram, som var vanleg å bruke til frakt av personar. (Henta frå bygdeboka bind 1).

## 8. Sinnes



I dag er det mange som har kjennskap til Sinnes og GP-krysset, der dei tri vegane (frå Hunnedalen, Tonstad og Setesdal) treffes. Staden vert kalla for GP-krysset på grunn av dagligvarebutikken som betener fastbuande og turistar.

På Sinnes var dei tidleg ute med å leggja til rette for turistar.

Allereie i 1930-åra tok dei imot dei fyrste turistane, det var helst rogalendingar som kom. Det var vanleg på fleire bruk at ein tok imot turistar for overnatting i påskan.

I 1954 starta planane om å bygge ut Sinnesområdet til å bli eit «vintersportsentrum», og det var eit utval som skulle arbeida med å fremja skisport og friluftsliv her i øvre del av Sirdal.

Det vart etablert treningsbakkar, hoppbakkar og slalåmbakkar.

I dag kan ein seia at målet er nådd, Øvre Sirdal har blitt eit sentrum for både vinter- og sommarsport.

Les meir om tilbod og aktivitetar her:

[sirdalsferie.no](http://sirdalsferie.no)



# Sinte smedar på Sinnes

Namnet Sinnes: Det har vore ulike tolkingar av namnet, men i dag er dei fleste namneforskarane samde om at opphavet er «sinder», som betyr slagg. Namnet har samanheng med at det har vore myrjernsmelting langs stronda av Sinnesvatnet.

Dette kan passa godt i lag med eit gammalt segn som handlar om smedane på Sinnes:

## Sinte smedar på Sinnes

Ei segn fortel at i mykje gammal tid dreiv menn på Sinnes svært med jernvoinna. Dei brende myrmalm i blåstergreft, og så stod dei heile dagane i smia og smidde saker av jern, som dei selde. Smia låg ved Vigje. Garden laut mest kvinnsfolka ta seg av, og så vart ikkje drifta så god. Til det kom at også andre gardar dreiv fram jern or myrane, så Sinnes vart nok ikkje av med alt dei laga. Det vart sagt at Sinnes-smedane støtt var holsvoltne og sinte. «Svolten mann tek snøgt til sinne», heiter det.

Ein smed heitte Sondre og son hans Sindre. Faren dreiv sonen hardt i smia, og når denne sveitta og krauna, vart Sondre sint og vond, og sonen fekk bank i staden for mat.

Det vart laga eit gardsrim om dette:

«Sinnes-smeane e støtt holsvoltne,  
sele brådda å odda.

Sonnre Sinnes va så sinte  
atte Sinnre sveita.

Sonnre Sinnes blei sinte  
då Sinnre sveita».

## 9. Børsteinen / Børsteinslegå



Bogestelle ved Børsteinen.  
(Foto: Torfinn N. Hageland)

I dette området var det støls- og drifteveg frå gammalt av. Heieområda i Sirdal kommune inneheld spor etter ein lang tradisjon som driftehei. I tillegg til inntekt frå garden, så var utleige av beiteområde ei kjærkomen inntekt for mange. Sauegjetarar samla sauer i Rogaland som dei dreiv opp til heieområde dei hadde leigd i Sirdal. Stort sett var dette jærbuarar som låg i heia og passa på sauene. Driftetraffikk med sau til høgheiene nord i Sirdal starta for alvor kring 1820. Driftene drog frå Jæren i juni, og kom tilbake ei gong i september. (det er denne tradisjonen som er grunnlaget for det årlege arrangementet på Kvæven, «Sirdalsdagane»). Det stadig aukande antal med sau som vart førd til fjells, fekk etter kvart følgjer for det tradisjonelle stølsbruket som hadde vore i heiene her. Fleire bønder fann ut at det var meir lønsamt å ta imot driftesau enn å driva med stølsbruk. Mange av støls- og uteslåtten vart difor lagd ut som driftebeiter, og stølshytter kunne bli gjetarhytter.

Ei "lega" er ein liggjeplass. Gjetarane samla krøterdrifta på ein spesiell stad kvar kveld. Det var viktig å halda drifta samla om natta då det var fare for rovdyr. Etter å ha vore med ei lega nokre dagar, så flytta gjetaren drifta vidare til ei ny lega. Det er lett å identifisera ei gamal driftelega når du ser den, den skiljar seg ofte



ut i naturen då den har mykje grønare gras. Det er mange godt bevarte driftelege, ei lega som er godt synleg frå vegen er **Grydalslegå**. Her var det fyrst slåttemark som var knytt til stølsdrift. Så har det vore driftelege frå kring 1850 til 1905. Nord for bilvegen, var det tidlegare ein ferdsels- og rideveg. Den var i bruk fram til 1920-åra, og som turisløype til 1986. (Kjelde: Torfinn Hageland)

**Børsteinslegå:** Her låg det ein heller med livdemur under steinblokk og dessutan eit bogestille, for her var det eit reinsdyrtrekk mellom to vatn. Alt saman vart sprengt bort under anlegget av Lysevegen i 1985. (Henta frå Torfinn Hageland si bok «Murar og hellerar i heiane»)

Bogestille = bueskytterstilling i snaufjellet, brukt av jegere, særlig til reinsdyrjakt.

**Børsteinen:** Dette er òg ein gamal fangstlokalitet, her er funne to bogestille.

I dag er det ei Turisthytte her (omlag 30 min å gå frå vegen). Her er det ei turisthytte som det går an å leie frå Stavanger Turistforening, sjå meir informasjon her:

<https://www.visitorslandet.com/listings/b%C3%B8rsteinen/21040/>

## 10. Det gamle støslivet i Sirdal



Det gamle støslivet i Sirdal har hatt ei viktig rolle, og har framleis det for mange sirdølar. Tradisjonen med "å gå på stølen" med både familie og husdyr om sommaren for å samla høyr, tok slutt på tidleg 50-talet. Etter det har dei gamle stølsområda fått ny bruk, dei er blitt nytta som "hytter" og har i seinare år vore ein stad for rekreasjon og fritid for mange sirdølar.


Langs vegen i denne del av Hunnedalen kan ein sjå spor etter det gamle stølsbruket i Sirdal, og ein kan få ei kjensle av korleis det var å leva sommarmånadane her.



Stølsdrifta i Sirdal vart kalla for «Støsslått», og hovudoppgåva var å sankta fôr frå utslåtter og stølskveer, slik at ein hadde til vinterfôr.

Kring St. Hans flytta nesten alle på garden opp til stølen for å delta i slåttan. Dei hadde med seg mjøl, havre og andre råvarer som var naudsynt, slik at dei var sjølvberga med mat i den tida dei var på stølen. Turen opp gikk til fots, og «Blakken» fekk ofte jobben med dei tyngste løfta. Lefse og havregraut var vanleg kvardagskost, men det hendte òg at det vart litt fisk frå bekken eller vatnet nær stølen.





For å nytta utmarksbeita og for å spare beiteområde heima på garden, vart heile bodskapen tatt med opp til stølen. Her var det ikkje egne fjøs, og kyrne vart difor bunde på vollen utanfor stølshuset om natta. Dei vart regelmessig molka, og holdt slik gardsfolket med melk, ost og smør i den perioden dei var på stølen.

Alt høyet vart slått med langorv og ljå, og dei bar det på ryggen frå slåttemyrene til næraste tørkestad. Høyet vart lagra i egne høylør eller på stakk, og kvar gardsbruk kunne ha eit stort antal høylør ståande rundt omkring i utmarka. Utløene vart ikkje berre brukt til oppbevaring av høy, det hendte òg at slåttefolket sov der, og ein kan endå sjå mange innskårne namn og årstal på bevarte lør.

I dei vekene som stølsslåtten varte var det stor aktivitet med lange arbeidsdagar.

Rundt «Knut med ljåen» (den 10. juli), var stølsslåtten over i fyrste omgang. Slåttefolket reista då heim, og gjorde unna slåtten på garden, før dei reiste opp til stølen att.

Rundt «Barsok» (den 24. august), flytta gardsfolket heim att, og grindene vart satt på plass framfor stølshuset. Frå gammalt av heitte det at «tussefolket» no ville flytta inn på stølen.

Stølshusa vart òg i bruk om hausten og vinteren i samband med jakt, fiske og fangst. Særs snarefangst etter rypa, som var ein viktig matressurs, lokka mange til fjells.

I Sirdal vart det laga ein særeigen ost på stølen.

Dette er ein steikjeost, dvs. at ein skar av eit stykke og steikte på glørne i vedomnen. Osten blei laga medan dei var på stølen, for då molkte kyrne godt, og det var gode lagringstilhøve i dei gamle stølsbuene.



## 11. Valevatn og sjøormen i Degevatnet



Romersk bronsekjele som er funne ved Valevatn.

I samband med Sira-Kvina si utbygging på 70-talet, vart Valevatnet demma opp. Dette medførte at tunet på garden Valevatn vart satt under vatn. Tunet låg på nordsida av Valevatnet, i hjørna mot sydvest. Garden var busatt så tidleg som i fyrste halvdel av 1600-talet. Den har òg fungert som støl under Dorga.

Ei gamal segn seier at folk skal ha sett flokkar med kyr her, som tilhørde «vetefolket», men det er ingen i dag som veit nøyaktig stadfesting av kvar dette var.

Det er funne ein bronsekar/kjele her frå eldre jernalder, som i dag er på Arkeologisk Museum i Stavanger. Kjelen er støypt i Capua i Italia, 300-400 e.Kr.

Nordvest for Valevatn ligg Degevatnet. Her meinte dei i gamal tid at det var ein sjøorm som holdt til. Iføje landmålar Sejersteds beskrivelse frå 1855, sto det «Det eneste Vand i Sirdal hvor den fantes, thi findes gjør den naturligvis».

(Kjelde: Bygdeboka bind 1, Per Seland)

## 12. Øysteinshedlaren



Det er registrert mange hedlarar i Sirdal, og ein har funne spor etter menneske som har opphaldt seg der over tid. Det er spor etter aktivitet og fleire viktige sagn er knytt opp til hedlarane. Hedlarar vart nytta til bustad eller overnatting under jakt, gjeta dyr og ferdsel.

Øysteinshedlaren er ein stor hedlar som ligg vest for Tjørhom kraftverk. Hedlaren er 22 meter djup, og her har ein funne spor som syner at det har vore stor aktivitet her gjennom mange år. Her er det funne eldflint, trekol, beinsamlingar og fugleknoklar.

Det er ikkje langt å gå til hedlaren frå vegen, sjå nærare beskrivelse her:

<https://listerfriluft.no/friluftsaktiviteter/sirdal/fotturer/%C3%B8ysteinshedlar/>

Eit gammalt sagn frå Sirdal, fortel at kong Øystein kom ridande frå vest, i lag med hirden sin. Det var seint om kvelden då dei kom til Tjørhom, og han valde difor å overnatte i den store hedlaren. Hendinga gjorde nok stort inntrykk på den tida, for sagnet er seinare blitt fortald gjennom generasjonar fram til vår tid. Framleis har både hedlaren og bukta, Øysteinsevja, namn etter den gamle kongen.


## 13. Ferjeleie på Handeland



Sirdal var ikkje ein avlukka fjelldal, slik som geografien kan indikera. Her har vore god kommunikasjon frå fleire retningar gjennom mange år. Fleire viktige ferdsels- og handelsveggar gjekk gjennom dalen, sjølv om det var rideveg og nokre gonger dårleg standard, så var dei mykje brukt. Hesten var eit viktig framkomstmiddel, i tillegg til ferjestadar over Siraelva og båtar på vatn.

Fram til 1922 var det ferjeleie på Handeland. Det var søstrene Marit og Anna P. Handeland, som saman med sin far betjente denne ferga. Seinare var dei to søstrene åleine om jobben. Då dei slutta hadde dei vore i denne tenesta i 50 og 40 år. Dei mottok Kongens fortjenestemedalje for lang og tru teneste.

Prammen dei hadde her var stor. Den kunne ta to hestar, og etter at bilane kom til Sirdal, så kunne dei få plass til ein bil òg på ferga (prammen). Arbeidet kunne nok vera veldig tungt då straumen i vatnet kunne vera sterk her. Ferginga opphørde då brua på Handeland var ferdig i 1922.






## 14. Dorgefossen



Før Siraelva vart regulert var det eit stort og imponerende fossefall ved Dorga. Det kan den dag i dag opplevast svært mektig når vannføringa er stor.

Frå år 1900 skriv historikaren Yngvar Nielsen dette om Dorgefossen:

«Fremfor alle andre må Dørjefossen nævnes,- et fald, som ikke paa mange steder har sin ligemænd. Her har vandet arbeidet og gravet sig en dyb rende, hvori Sireaaens samlede vannmasse styrter ned. Alt, hvad nogen fantasi kan male om en foss, det er her,- det trange gjel, fosseduren og de hvirvlede støvskyer. I dybet driver vandet sin viltreste leg,- det farer frem i en kløft, mot hvillken Ridderspranget kun er ringe, og naar det tilsidst har udtømt sin kraft, kommer det frem af mørket i dagen. Dørjefoss er ingen Rjukan. Men den er derfor ligefuldt en stor naturmerkværdighed».



Det er knytta spenning og dramatik til Dorgefossen. Eit gammalt segn fortel at dødsdømte personar fekk sjansen til å redda livet ved Dorgefoss. Dersom ein dødsdømt greidde å hoppa over fossen, frå vest til aust på ein bestemt stad, så skulle han få behalda livet, vart det sagt. Dersom han ikkje greidde det, så ville fossen sitt fall og stryk oppfylle dødsdommen. Men spranget var nok så langt at den dødsdømte hadde små sjansar for å klare eit slikt sprang.

Rasteplass: Området rundt fossen er tilrettelagd med små stiar, rasteplass, toalett og informasjonstavle. Her finner du òg "Håvardsteinen" som har ei vekt på 3000 kg. Steinen vart lyfta av ein mann (!) i 1860-åra, då den fyrste kjørevegen vart bygd gjennom Sirdal. Denne mannen var Håvard Torjussen Valevatn.

## 15. Lunde kyrkje




1819 blei det reist eit kapell på Lunde. Då dei planla å bygga ny kyrkje på Tonstad i 1840-åra var det tale om å leggja ned kapellet og bygga ny kyrkje for heile dalen på Hompland. I avrøystinga om dette gjekk folk i mot denne tanken. Ved kongelig resolusjon av 29. oktober 1847 blei Lunde kapell godkjent som soknekyrkje. Sirdal blei eige prestegjeld i 1854 med Tonstad som hovudsokn og Lunde som anneks.

Arbeidet med ny kyrkje tok til. Dei ønskte å bygga lik Tonstad kyrkje, men litt mindre. Kyrkja er bygd over slottsarkitekt Linstow si mønsterteikning som blei brukt på mange kyrkjer i Rogaland inkl. Sirdal frå 1830 og fram til bygginga av Lunde kyrkje. Lunde blei dermed den siste i rekka av den såkalla Rogalandstypen. I 1873 stod den nye kyrkja ferdig. Altartavla og preikestolen er frå 1620, og måla av den kjende renessansekunstnaren Gottfried Hendtzschel i 1637.



## 16. Gramane i Kvidhedlaren på Lunde



Høgt oppe i lia ovanfor Lunde, like i fjellfoten, er det ein hedlar som nokon kallar Kvidhedlaren, medan andre kallar han Tjovhedlaren. Etter gamle segn skulle det vera mykje **gram** i og ved denne hedlaren.

Gramen = ein djevlsk orm i folketradisjonen i Sirdal, fleire stadar vart det satt ut øl og mat som offer til gramen, heilt fram til 1800-talet.

Fortald av Torkel Johannesson Lunde:

«Dei gamle skremde oss barn med gramen og sa at me aldri måtte gå dit, for gramen var livsfarleg! Dei sa at ingen visste lækjeråd mot gramen. Kjøtet rotna bort der ein var biten, og smått om senn døydde vedkomande. Nokre sa at gramen var liten som ein orm, mange gonger snarare og mange gonger giftigare enn vanleg hoggorm. Han kunne òg bita seg sjølv i spælen (halen) og slå ring og rulla som eit hjul mot deg eller frå deg. Andre meinte at gramen likna mest på ei firfisle på skap. Men giftig skulle han iallefall vera, det meinte alle. Og så skulle han lysa når det var mørkt, truleg for å lokka byttet til seg».

## 17. Gravminnefeltet på Skeie



Nedanfor grenda Skeie renn elva Sira stille og rolig mellom stupbratte fjell. Langs elva si vestsida, inne i ein furuskog, ligg eit freda gravminnefelt frå folkevandringstida (400 – 800 e.Kr). Det er registrert 23 gravhaugane her. Dei høgaste er om lag 1,5 m høge, medan andre er så låge i terrenget at det er vanskeleg å skilja dei ut frå den naturlege skogsvegetasjonen.

Gravplassane vart ofte lagd langs ferdsselsvegar på dominerande stadar i terrenget, slik at dei var godt synlege.

Truleg var grunnen til dette at det var eit ønskje om nærhet mellom de levande og dei døde. I hedensk tid blei gravhaugar akta og frykta, og var sentrum for gudetru og forfedrekult. Forfedregravene var med på å skapa røtter og identitet, og knytta band tilbake til fortida. Dette er eit kjempeflott område med rasteplass og skilt med meir informasjon og gravminnefeltet. Her kan du òg ta ein vandringstur mellom gravhaugane.

## 18. Norgeskart i fjellet



Det fins ein liten kuriositet i fjellet på andre sida av elva nord for Guddalsbrua. Fjellformasjonen er slik at det ser ut som det er teikna inn eit norgeskart her. Du kan sjå det frå bilen om du køyrer forbi, eller endå tryggare; du parkerer og går eit stykke langs vegen til fots.



## 19. Futedrapet i Varpebakken



Eldre foto av varpet, i dag er det grodd igjen her.

Foto: Gisle Midthun

Mellom Hompland og Lindeland, litt sydaust for Guddalsbrua, ligg den såkalla «Varpebakken». Her låg det tidlegare eit såkalla «kvistvarp». Eit slik varp var ein stad kor alle som gjekk forbi måtte kasta på ein kvist eller liknande.

Om kvistvarpet på Hompland fortalde Asbjørn Isaksen Liland omkring 1910 følgjande:

«Ei gång va fuden uppi Sirdalen å kravde inn skatt. Så skji dei skjyssa han frå gar te gar.

Mannen på Linnelann hadde inkje hest å så tog`an ei kjerre å drog fuden. Då dei kom upp på Varpebakkjen ville mannen kvila. Men fuden sveipte te`an mæ svibå å ville driva på.

«Du slo», sa mannen, «men nå skal du ha sleije for seinste gång» Å så tog`an å kabbe fuden å grov`an ne på plassen.

Der må dei kasta på noge adle som gjeng der, ein stein hell ein kjepp, «elles kjem an».

Der æ ei heile røys. Her va noge som våga sæg te å grov i`enne her eit år, å då fann dei penga som vart kasta på. Dæ he visst vore storkara som he kjørt forbi, å så he dei inkje stegje o å funne stein, men kasta penge i staen».

## 20. Bogestillingar og Likhedlaren



Når ein køyrer langs dalen, får ein kjensle av kor trengt det har vore nokre stadar mellom elva og fjellet. Ein stad dei har utnytta dette frå gamal tid, er sør for Guddalsbrua.

På den andre sida av Sira gjekk den gamle ridevegen mellom Guddal og Seland. Mellom Guddal og Hompland er det funne 3 bogestillingar og eit ledegjerde av stein.

Ein bogestilling er ein oppmura stilling med plass til ein eller to skyttarar. Muren gjer at dei ikkje blir så lett oppdaga av viltet. Bogestillinga er plassert like ved vegen, der det er ein opning i ledegjerdet. Ingen av stillingane er lenger borte frå opningen enn at ein kan felle dyra med pil og boge.

Staden er velegna til jakt. Ei gruppe på 7-8 personar kan truleg jaga framfor seg både elg, rådyr og bjørn heilt frå Josa (Josdalselva) og fram til jaktstaden nokre hundre meter sør for Guddalsbrua. Viltet blei jaga/ pressa nordover mellom elva og fjellet, til slutt måtte alle gjennom opninga i ledegjerdet kor jegerane sat og venta. (Kjelde: Historielaget)

Elles på denne strekninga (den gamle ridevegen mellom Seland og Guddal), ved Bjunes, er det ein heller under steinblokker som vert kalla for **Likhedlar**. Gamle Guddalsvegen går i ein naturleg "tunnel" under han. Her fins eit segn om at eit likfylgje laut gå ifrå ei likkiste her og bera henne vidare neste dag.

## 21. Badefossen på Bjunes



Gardsnamnet Bjunes kjem frå det gamalnorsk adjektivet «bjugr», som betyr bøyet eller krum, og «nes». Dette passar bra med stadens naturforhold, fordi Sira her gjør en stor krumming før den renner vidare ned gjennom dalen. Det er i denne elvesvingen at ein finn den mest spennande badeplassen i Sirdal.

Den gong då Sira hadde normal vannføring, var det ein betydeleg foss i elvekrumminga innunder det bratte Selandsfjellet. Den strie straumen gjorde at det harde grunnfjellet av granitt og gneis blei kraftig bearbeida, og det blei danna store jettegryter og smale kanalar. Etter at elva vart regulert har vannføringa i den gamle fossen blitt kraftig redusert. Vatnet blir i dag leia gjennom tre småfossar, ned i ein ca. 20 meter djup jettegryte, kor det vert danna ein behageleg og ufarleg straum. Nedanfor «gamlefossen» fins det i tillegg ein grunn og rolig kulp, som er betre egna for små bord. Dei mange svaberga rundt «badefossen» gjer at staden er veileigna som badeturmål.

## 22. Tonstad kyrkje



Allereie på 1300-talet skal det ha vore ei katolsk Maria-kyrkje på same stad som Tonstad kyrkje ligg i dag. I 1639 vart denne kyrkja revet, men ein del av inventaret frå den gamle kyrkja blei flytta over til den nye, m.a. to kyrkjeklokker. Desse blei omstøypt i 1776 og er sidan blitt brukt i Tonstad kyrkje.

Den gamle kyrkja frå 1639 var truleg ei enkelt utstyrt langkyrkje, noko som var vanleg i tida etter reformasjonen (1537). Det var faste kyrkjestolar med dør i, og kvar enkelt gard hadde sine faste plassar kor mennene sat til høgre og kvinnene til venstre.

På midten av førre århundre var kyrkja svært forfalle og i minste laget for sognets innbyggere. I tillegg kom det krav om at kyrkjegarden måtte utvidast. Den gamle kyrkja blei revet og den nye høgtideleg innvia av biskop Jacob van der Lippe. Dette er òg ei langkyrkja, og har 280 sitjeplassar. Klokkehuset med tårn og spir ligg i vest, og hovudinngangen går gjennom klokkehuset.



## 23. Storhaugane på Tonstad



Sør for Tonstad sentrum, så kan du sjå ein gravhaug som ligg til venstre for vegen (rett sør for Sirdalsheimen). Denne haugen er truleg frå folkevandringstida, eller tidleg vikingtid. Denne gravhaugen er eit flott kulturminne og vitnar om at det har vore busetjing på Tonstad iallefall sidan år 400 e.Kr. Det som gjer denne gravhaugen svært interessant er at det kan dreie seg om ei skipsgrav, det vil seie at den døde fekk ein båt med seg som ein del av gravgodset. Dette er ikkje usannsynleg med den nære beliggenheten til Sirdalsvatnet.



## 24. Gamle Tonstad sentrum



I dagens Tonstad sentrum finn du butikkar og bakeri. Før i tida, då all ferdsel gjekk på vatnet, så var sentrum knytta til bryggeområdet. Dette er i dag ein flott vandringsstur, frå sentrum og ned gjennom denne «gamlegata». Det gamle bygningsmiljøet er godt bevart. Her var det tidlegare bakeri, hotell, vertshus m.m.

Sigbjørn K. huset ligg nær denne gamle bygdevegen som går gjennom Tonstad og ned til det gamle bryggeområdet. Huset og hagen ligg plassert bak Tonstad bakeri. Huset har blitt kalla Sigbjørn K. huset etter siste eigar, Sigbjørn K. Tonstad.

Han deltok mykje politisk og har vore ordførar i gamle Tonstad kommune. I periodar var han medlem av fleire tillitsverv i kommunen, og han var ein kjend person for dei fleste i dalen. Huset blir i dag brukt til ulike utstillingar, møteverksemd og mindre arrangement. Hagen er ein offentlig hage, og her kan alle ta med seg nistepakken og setja seg ned å oppleva den flotte hagen. Alle busker/blomster er merka og det er laga eit hefte med informasjon. Dette heftet kan du få på biblioteket på Tonstad, eller på [www.sirdal.kommune.no](http://www.sirdal.kommune.no)

Vel møtt til ei oppdagelsesreise i Sigbjørn K. hagen!



## 25. Sirdalsvatnet



Sirdalsvatnet strekkjer seg frå Tonstad til Osen i ei lengd av 27 km. Arealet er 19 km<sup>2</sup>. Det største djupet, litt sør for Haughom, er 185 m. Mellom Virak og Haughom er vatnet på sitt breiaste: 1.2 km. Det smalaste punktet finn ein ved Mjåsund, det er 300 m. Sirdalsvatnet har frå gammalt av vore den viktigaste ferdselsåra for dei som budde langs vatnet. Skulle ein nokon stad var det som regel den enklaste løysninga å ro.

Dampbåten Fram gjekk i rute på vatnet her frå 1885 og fram til krigen då vegen kom. Den gjekk frå Tonstad til Osen, med mange brygger/stoppestadar undervegs.

## 26. Tyskerbunkeren



Vegstrekninga mellom Haughom og Tonstad vart ferdig i 1942, og var ein del av den "indre militærveg" mellom Stavanger og Kristiansand. Ein stad langs vegen var det svært smalt, med bratt fjell på eine sida og Sirdalsvatnet på den andre sida. Tyskarane bygde ein bunker her i 1943. Hensikta med dette dekningsrommet var å stansa dei allierte styrkene dersom dei skulle koma frå nordaust gjennom Sirdal. Bunkeren med Sirdalsvatnet er eit av dei få bevarte minnesmerke ein har i Sirdal frå krigen, og er sjeldan i landssamanheng då den ligg langs ein innsjø i innlandet. Tyskerbunkeren er vanskeleg tilgjengeleg i dag, men ligg ned mot Sirdalsvatnet, nord for «Berkjenesodden», eller den nye tunnelen.

## 27. Holmen i Sirdalsvatnet



Holmen i Sirdalsvatnet er om lag 170 meter lang, 60 meter brei og 10-12 meter høg. I byrjinga av førre hundreår høyrde Holmen til grenda Virak som felleseige. Ein tradisjon seier at "virlendingene" bytta bort Holmen til ein oppsittar i Haughom for eit ankar brennevin.

Det mest spennande som er knytt til Holmen er saga om dronning Astrid sin flukt med sonen Olav Tryggvasson. Dette er eit svært gammalt segn som har blitt fortald mange stadar kring Sirdalsvatnet opp gjennom fleire generasjonar.

## 28. Nykkhedlaren



Dette er ei grotte i berget, like over vassoverflata på vestsida av Sirdalsvatnet. Fjellet over er høgt og bratt og held fram ned i det kalddjupe vatnet nedanfor. Frå gammalt av sa dei at Nøkken heldt til her, det var mange som frykta den når dei rodde på Sirdalsvatnet.

Det er meir informasjon om kulturminne kring Sirdalsvatnet på internettsida: [www.naturtriangelet.no](http://www.naturtriangelet.no)

## 29. Kulturlandskapet på Øksendal



Når du kjem til Haughom, kan du ta av vegen til Øksendal. Her kan du køyra ein tur rundt Øksendalstjødna. I denne grenda er det bevart mange flotte spor etter det gamle jordbrukslandskapet, her er steinrøyser, steingjerder og lauvtre eit vanleg syn. Den flotte Øksendalstjødna har på grunn av sine våtmarksområde eit svært rikt fugleliv. Området vert rekna som den mest artsrike fuglebiotopen i heile Sirdal, og utgjer ein viktig hekke- og overvintringsstad for gressender og vadefugl. Her er òg ei flott badestrand som er svært populær.

## 30. Haughom kapell



Haughom kapell er bygd i 1930, og vart vigsla 9. oktober 1930 av biskop Bernt Støylen. Kapellet er bygd etter teikning av arkitekt John A. Søyland. Brødrene Fjogstad frå Sandnes stod for bygginga. Kapellet blei finansiert med eit statstilskot på kr 4000 og kommunalt tilskot på kr 2000. Mellom 9-10000 blei samla inn mellom folk i krinsen. Altertavla er frå 1959 og er laga av maleren Kåre Øijord og treskjarer Jon Asbjørn Berge. Ho vart gjeven i gåve til bygda frå lektor Tønnes B. Øksendal. I 1987 fekk kapellet nytt orgel bygd av orgelbyggjarane Gebr. Reil frå Nederland.



## 31. Oftedal og Strandeli



Den som køyrer gjennom Oftedal for fyrste gong bør leggja merke til det flotte landskapet her. Fossen som spring ut frå berget høgt oppe i den østvendte lia, kan vera eit mektig skue når det er mykje vatn i den. Dette er «heieåna», bekken som har sitt utspring frå Kleivevatnet, og som tidlegare var ein kraftressurs for oppsitjarane på Oftedal. Elver og bekker har alltid vore ein viktig og avgjerande faktor for busetjing i eit område. Det er mange kulturspor i heieåna, og denne er difor med på å gje Oftedal ein historisk kontinuitet. Tar du av frå hovudvegen, og køyrer ned til Strandeli, så er her flott å gå turen ned til Sirdalsvatnet og friluftsområde her. Her er òg ei mektig hvelvingsbru av stein.

## 32. Virak



Dersom du vil køyre til denne garden, så er det køyreveg frå Tonstad eller frå Sira. På Virak er det eit vakkert og velhaldt jordbrukslandskap. Den visuelle ramma rundt dei opne jordbruksareala består av vatn, skog, fjell og himmel, og lagar eit harmonisk og heilhetleg inntrykk. Virak har òg eit flott kulturlandskap, med gravhaugar frå vikingtida, einerbakker på grunnlendt mark, gamal hagemarkskog i skråninga ned mot Sirdalsvatnet, steingjerder, høyløer og ein eldre bebyggelse som i stor grad er prega av tradisjonell byggeskikk.

NB: Virak har ei flott båthamn nede ved Sirdalsvatnet, så denne garden kan du òg vitja om du kjem vassvegen til Sirdal.

## 33. Finsådammen



Bruddsteinsdammen ved Finså er ein om lag 7 meter høg buedam som er laga av kilt stein. Teknikken med å bygga demningar på denne måten, var vanleg kring århundreskiftet (1800-1900), men i dag er det berre eit fåtal att av desse miniatyrdammene. Her er ein flott rasteplass, kor du kan sjå nærare på den flotte demninga nede i åna.

Lenger oppe i Finsnesbakkane er Feed skiarena. Her er utgangspunkt for ein flott turveg ned dei «gamle Finsnesbakkane». Les meir om dette her:

[listerfriluft.no/friluftaktiviteter/sirdal/fotturer/gamle-finsnesbakkane/](https://listerfriluft.no/friluftaktiviteter/sirdal/fotturer/gamle-finsnesbakkane/)